

AVTALE KOMMUNALT SERVICEPUNKT



Kinn kommune og butikkane

Nærbutikken Batalden - Batalden Landhandel AS, org.nr. 994088467

Nærbutikken Svanøy - Svanøy Segn Inn AS, org.nr. 919508965

Nærbutikken Stavang - Stavang Landhandel AS, org.nr. 997621212

Nærbutikken Rognaldsvåg - Rognaldsvåg Landhandel (ENK), org.nr. 993487449

Nærbutikken Tansøy - M Svardahl (ENK), org.nr. 953400510,

inngår med dette avtale om kommunalt servicepunkt på butikkane, som skal utføre tenester til bygdefolk, besøkjande, bedrifter, lag og organisasjonar m.v.

1. Målsetting

Målet er å utvikle gode og funksjonelle tenester der folk bur for å skape trivsel, bulyst og dermed grunnlag for vekstkraft i bygda og bygdene rundt. Avtalen skal gi nytteverdi for kommunen blant anna ved at eldre og brukarar med spesielle behov kan bu lenger heime fordi dei kan få utført tenester nær der dei bur. I tillegg skal avtalen bidra til at offentlege digitale tenester blir betre kjent og meir brukt av innbyggjarane. Det er ei felles oppfatning at avtalen skal vere dynamisk og open for endringar i avtaleperioden.

2. Butikkpersonalet si prioritering av tid

For å sikre at butikken skaper tilstrekkeleg lønsemd i butikkdrifta, må butikkpersonalet utføre avtalte tenester når dei er ledige frå andre oppgåver i butikken.

3. Butikken tek på seg følgjande tenester

- a. Butikken tilbyr **trådløst internett** og tilbyr **PC** i kaffikroken til bruk for bygdefolk, turistar, besøkjande o.a. som har behov for digitale fasilitetar.
- b. Butikkpersonalet gir rettleiing i digitale tenester som **nettbank, e-post, nettsøknader- og skjema, appar, kopiering, skanning, utskrifter** o.l. Dette er ein del av Kinn kommune sitt prosjekt Digihjelp i Kinn. Der butikken ikkje sjølv kan hjelpe, vil butikken ha kunnskap om frivillige o.a. som kan hjelpe, vise til relevante nettsider, eller vise til rette vedkomande i Kinn kommune.
- c. Når butikkpersonalet hjelper kunde med digitale tenester, skal det finnast rutinar for kontroll og dokumentasjon som tek i vare **personvernet** til kunden i tråd med GDPR, og sikrar både kunden og butikkpersonalet i ettertid.

Butikkpersonalet underteiknar taushetserklæring, som ligg som vedlegg til denne avtalen.

- d. Butikken skal vere eit **digitalt informasjonspunkt**. I dette inngår ein infoskjerm der lokale nyhende og informasjon frå m.a. kommunen vert fortløpande oppdatert.
I det digitale informasjonspunktet inngår også kunde-pc i butikken. PC vil bli sett opp med linkar til viktig lokal info på startskjermen slik at lokale tilbod er tydeleg, oversiktleg og lett tilgjengeleg for bygdefolk, besøkjande, turistar o.a. På same måte vert det på startskjermen direkte link til viktige kommunale tenester.
- e. Butikken tilbyr kaffikrok og vil skape ein **sosial arena** for å skape trivsel og bulyst i lokalsamfunnet. Butikken vil skape aktivitetar i kaffikroken slik at bygdefolk får treffast. Butikken vil oppmode om at frivillige hentar dei som har vanskar med transport og slik prøve å motverke einsemd og utanforskap. Kaffikroken vil ha sjølvbetjent servering av det ein finn i butikken.
- f. Butikken vil ofte vere den første staden turistar og besøkjande henvender seg for informasjon. Butikken vil ivareta **vertskapsrolla** og slik vere formidlar av lokale tilbod. Lokale bedrifter kan samarbeide om å legge brosjyrar og informasjonsmateriell i butikken slik at tilboda blir oversiktlege og lettare tilgjengeleg. Slik vil butikkpersonalet også få kunnskap og kan formidle info om lokale og regionale opplevingar og tilbod til turistar. Butikken skal samarbeide med Fjordkysten og vere ein del av turistinformasjonen i kommunen.
- g. Dersom forholda elles ligg til rette, vil butikken tilby **arbeidstrening for innvandrarar** i samarbeid med kommunen. Gjennom kontakten med bygdefolket og kundane, vil innvandrar få god språktrening samt trening i forståing av norsk kultur, norsk arbeidsliv og butikkfaget.
- h. Butikken vil tilby ei rolle som samlingsstad og informasjonspunkt innan den **kommunale beredskapen**. I praksis vil ein opne butikken og tilby butikken som samlingsstad når ein situasjon krev dette.
Butikken vil også stille seg positiv til å få installert el-påkopling til naudaggregat dersom kommunen ønskjer dette. Slik kan butikken legge til rette for både varm mat og varmt opphald i ein naudsituasjon.
- i. Butikken har, eller har tilgang til, **hjartestartar**, med instruks for bruk. 113 er kontaktpunkt dersom det oppstår ein naudsituasjon.
- j. Dersom nokon i bygda treng varer tilkøyrt, vil butikken legge til rette for **varelevering** til kunde 1 gong pr veke. Dette kan skje ved at nokon i bygda tek med varene eller at butikken sjølv ordnar transport. Butikken vil også på bestilling kunne pakke varer som heimebasert teneste tek med til kunde. Samarbeidet med heimetenesta bør forsterkast for å kunne melde inn uønska hendingar/bekymringsmeldingar. Butikken har kontakt med representant for helse og velferd i Kinn kommune ved behov.

- k. Dersom kommunen ønskjer samarbeid mellom **biblioteket** og butikken, stiller butikken plass til disposisjon i tillegg til å handtere utlån og mottak av bøker. Butikkane kan også ha egne ordningar for utlån av bøker.
- l. Butikken vil hjelpe til med eit **tenestetorg** der kundane kan tilby og etterspørje enkle servicetenester som husvask, innkjøp, hagestell, enkle vedlikehaldsoppgåver m.m. Butikken søker på nett og finn informasjon om maksgrense for skattefritt arbeid m.m. Butikkane er oppmoda om å etablere eit gjenbrukstilbod, gjerne i samarbeid med lokale lag/organisasjonar.
- m. Butikken sitt **kundetoalett** er tilgjengeleg for besøkjande og andre som er innom butikken. Toalettet står til rådvelde også for m.a. kommunen sine tilsette som er ute på oppdrag.
- n. Når det nærmar seg behov for tøming av **glas- og metallbehaldarane**, gir butikkane beskjed til NoMil eller Kinn kommune.
- o. Avtalen opnar for at butikkane kan ta betalt for tenester som t.d. varelevering og bruk av toalett og dusj.
- p. Det skal gjennomførast **jamlege dialogmøte** i avtaleperioden der punkta i avtalen vert evaluerte og eventuelt justerte dersom behov endrar seg.

4. Butikken sitt ansvar

- a. Butikken skal skape nytteverdi for kommune, kundar og andre brukarar i bygda ved å utvikle, prøve ut og iverksette nye tenester i butikken. Avtalen kan til dømes ha nytteverdi for brukarane ved at tenestene kjem nærare eller blir betre. Avtalen kan ha nytteverdi for kommunen ved at ein sparer ressursar eller oppnår annan type nytteverdi.
- b. For å sikre god kvalitet på tenestene, skal butikken rette seg etter dei pålegg og krav som kommunen stiller i utføring av tenestene.
- c. Butikken er innforstått med at dersom tenestene ikkje held lovmessig kvalitet, så kan kommunen fråta butikken tilbodet på aktuell teneste.
- d. Butikken skal skilte at butikken er eit kommunalt servicepunkt.
- e. Personell i butikken pliktar å delta på kurs og opplæring i utføring av tenester, der kommunen stiller bestemte krav til utføring.

5. Kommunen sitt ansvar

- a. Kommunen legg administrativt til rette for at butikken kan utføre avtalte tenester på vegne av kommunen.
- b. Kommunen skal kvalitetssikre tilbodet og tek ansvaret for at tenestene held lovmessige krav.
- c. Kommunen godkjenner informasjon om det kommunale servicepunktet i butikken. Dette punktet inneheld ein kommunelogo (kommunevåpen) og opplyser om kva publikumsretta tenester som følgjer av denne avtalen.
- d. Kommunen dekker kostnad til kurs og opplæring som måtte trengast for å gjennomføre avtalte tenester og legg til rette for dette.
- e. Kommunen inviterer til oppfølgingsmøte i avtaleperioden der punkta i avtalen vert evaluerte og ev. justerte etter kvart som behov melder seg og endrar seg.

6. Fakturering

Butikken fakturerer kommunen ei godtgjersle på kr 50.000,- eks. mva. pr år for utføring av tenester i.h.t denne avtalen. Butikken kan fakturere kommunen forskottsvis 1 gong pr. år, i januar månad. Kommunen kan indeksregulere summen.

7. Varigheit

Avtalen varer frå dato for signert avtale og fram til og med 2027. Kvar av partane har ei oppseiingstid på 4 mnd. frå utløpet av den kalendermånad avtalen vert oppsagt. Etter avtaleperioden sitt utløp, gjeld avtalen for nye to år dersom ingen av partane seier opp avtalen.

8. Misleghald

Ved brot på denne avtalen skal dette varslast, og gje muligheit til utbetring. Ved vesentleg brot på avtalen, som ikkje blir utbeta, kan avtalen seiast opp, jf. pkt. 7. Når t.d. minst halvparten av avtalte tenester ikkje vert utført, er dette å forstå som vesentleg.

9. Løysing av tvist

Vert det usemje om korleis avtalen er å forstå og ein ikkje klarer å løyse dette på minneleg vis, skal Sorenskrivaren som har vertskommunen i sitt område, oppnemne ein meklar og kvar av partane stiller med kvar sin representant til mekling. Vert ein ikkje samde i mekling, vert tvistesporaålet avgjort av meklaren som voldgiftsman åleine med endeleg verknad som ved voldgift. Dette etter at begge partar har hatt høve til å kome med kvar sitt sluttinnlegg. Ønskjer minst ein av partane det, skal meklaren i forkant av voldgiftavgjerda, gje partane ein frist til å komme med kvart sitt skriftlege hovudinnlegg, og med høve til, innanfor ein ny frist, å gje inn eit merknadsskriv til motparten sitt hovudinnlegg. Partane ber ein halvpart kvar av kostnadene ved bruk av meklar.

10. Signering

Avtalen er signert med eitt eksemplar til kvar av partane.

Stad, dato: *Flora 11.12.2023*

Nærbutikkane:

Nærbutikken Stavang

Hilde Kristi Ann Sjøglav

Nærbutikken Tansøy

Megne Svabakk

Nærbutikken Rognaldsvåg

Hans-Jacob Sunde

Nærbutikken Svanøy Handel

Lise Myklebust

Nærbutikken Batalden

Siv Rindheim

Kinn kommune:

[Signature]

